



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for mars 2014.

Årgang 49

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Karin S Holstad  
Visepres: Øystein Alme  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Jarle Kristiansen  
Styremedlem: Bernhard Harkjerr  
Styremedlem: Eileen H. Brandal  
Ansv.red.: Oddvar Haugen  
Referent: Hans Gisle Holstad

Fødselsdagar i mars:

Øyvind Hansen 2. mars

---

## NÅR DU ER BORTE

Nærast er du når du er borte.  
Noko blir borte når du er nær.  
Dette kallar eg kjærleik –  
Eg veit ikkje kva det er.

\*

Før var kveldane fylte  
av susing frå vind og foss.  
No ligg ein bortgøymd tone  
og durrar imellom oss.

*Tor Jonsson*

---

## Møte 3. mars -14

Etter den tradisjonelle opningssongen( denne gongen «Dei vil alltid klaga og kyta... ) introduserte president en **Karin Brit Svendsen Holstad**, kveldens foredragshaldar; vår eigen ordførar **Anders Riise**. – Han hadde fått som oppdrag å orientere litt om kommunale prosjekt som var aktuelle og oppe i tida akkurat no.

### Eiksundsambandet:

Ordføraren innleia med at han nett var komen frå styremøte i Eiksundsambandet der det vart gjort vedtak om å legge ned bompengerekkjeringa frå mai/juni i år. Då Eiksundsambandet vart opna 24.2. for 6 år sidan såg ein føre seg ei om lag dobbel så lang innkrevjingstid. Men sambandet har vore ein suksess som no gjer at ein kan reise gratis gjennom tunnelen etter om lag halv innkrevjingstid.

### Hafastsambandet:

På eit møte med samferdselsministeren tidlegare i år hadde han fått høve til å presentere Hafastsambandet for han. Det vart der understreka kor viktig dette sambandet ville kome til å bli m.a. for maritime næring, men også til å få teke ut offentlege vinningseffektar. Det ville bli ein verdiakse som truleg ville overstige verdien av Eiksundsambandet:Ein større arbeids og buregion. - Han understreka også Hafast-tilknytninga til ein framtidig tenkt Kystveg (mot Måløy), og kombinasjonen stamveg/kystveg mot regionsenteret Ålesund. –Han gjekk også gjennom alternative trasear gjennom Hareidsdalen for eit framtidig fastlandssamband mot Ålesund og grunnga kvifor kommunen hadde valt trase i Melshornsida (m.a. under Melshorlia) med overgang til Sula frå Overå.

### Hapark:

Eit nytt omgrep/selskap som står for Hareid Parkering a/s. Skal frå hausten 2014 stå for organisering av parkeringstilhøva i hamneområdet (mellom Statoil og Bunnpris og mot Sparebankområdet) og vidare stå for innkrevjing av parkeringsavgift. Hareid sentrum, elles, vert også omfatta med 2 t parkering.

### Kyrkjegarden:

Ei omfattande utviding av kyrkjegarden var no praktisk talt ferdig,- der den nye delen skal takast i bruk frå juni månad 2014.

Som vanleg vart det til slutt hève til å stille spørsmål,- og svar vart gitt.

## Møte 10.3-14

Når vi på førre møte hadde hatt ein representant frå Hareid kommune (ordføraren) til å fortelje om kommunale prosjekt som var aktuelle no,-- var det kanskje naturleg å følgje opp med kva prosjekt som var aktuelle i nabokommunen vår Ulstein. Det var assisterande rådmann **Verner Larsen** som representerte Ulstein kommune. Og han la i hovudsak vekt på utbyggingsprosjekt som det var mange av i kommunen.

Etter tradisjonell velkomsthelsing frå presidenten og song; «Nisser og dverge,-- fekk Verner Larsen ordet.

### Attraktivitetspris i 2012 som forpliktar:

Innleiingsvis understreka grunngevinga i den attraktivitetsprisen kommunen fekk i 2012 for å vere ein god stad/kommune å bu i og dei pliktene ein slik pris følgde meg seg. Han tok vidare utgangspunkt i at i 1970 –åra flytta 40 % av folk til kommunen for å skaffe seg arbeid. I 2008 flytta ein meir pga familietilknytning og anna attraktivitet, medan tilflytting p.g.a. spesifikt arbeid, var redusert til 30 %. Kommunen hadde difor dei siste åra og no vidare ,satsa på at folk skulle få bu godt og dessutan legge til rette generelt sett for at kommunen skulle bli meir attraktiv på fleire område.

### Saunesparken:

Ny park ved hotellet som har samla kosta 5.1 mill kroner. Den kommunale andelen her var 1.5 mill medan restfinansieringa var frå fylket og private. Parken var vel motteken i kommune, den ligg nær hotellet der også dei no prøver å legge meit til rette for uteområdet mot parken.

### **Sjøgata:**

Den store sjøgateutbygginga som no går føre seg med ny gate ,attraktive husværeprosjekt ,parkering og leikeområde samt to rundkøyningar, --har for tida sterk inngriping i «bybildet» Den gamle sjøgata var eit utfyllingsprosjekt frå 1984. Den nye sjøgata vil koste om lag 52 mill kroner, finansiert med 20 mill frå kommunen, 20 mill frå fylket og resten frå private investorar; Ulsteinvik Utvikling. Han opplyste at sjøgata vil bli «stramma inn» i breidde til 6.8 m med ei fartsavgrensing til 40 km/t.

### **Fjordvarmeutbygging:**

I samband med dette store prosjektet ville kommunen bygge ut eit fjordvarmeanlegg med greiner til Rolls Royce/Reiten, gjennom sentrum heilt til Høddvoll/vidaregåande skule, der kommunale bygg i sentrum også skal knytast på, m. a. Arenautbygginga i sentrum med symjehall og full idrettshall.

### **Ny Innfartsveg til sentrum i Holsekerdalen:**

Prosjektet er no praktisk talt ferdig bortsett frå at entreprenøren ikkje fekk legge det siste asfaltlaget på vegen før «snøen kom i fjor haust/vinter». Innfartsvegen løyser ut eit større tomteareal. Han kom også inn på dualismen mellom folk som ynskjer sentrumsnære bustadar og gjere seg uavhengige av bil, og dei som var villege til å kjøpe seg relativt dyre tomter langt vekk frå sentrum og som i tillegg måtte investere i to bilar. Begge typer tilretteleggingar var det behov for. Samla kostnad over 100 mill kr. ???

### **Nytt fotballstadion (Høddvoll) og stor fleirbrukshall ved vidaregåande skule:**

Her også var spleiselagspolitikk: Hødd hadde behov for eit meir tidsmessig stadion, vidaregåande skule (fylke) hadde behov for betre garderobetilhøve og idrettshall og klasserom,- og friidretten hadde behov for innandørsanlegg m.a. løpebaner. Kommunen på si sida vart med i koordinering og finansiering av dette m.a. gjennom fleire offentlege midlar (m.a. spelemidlar)

Det er kommunen som i prinsippet vil disponere den nye Høddvoll, kommunen vil også disponere og leige mest mogleg ut til brukarar både i og utanom kommunen, den store fleirbrukshallen medan fylket/vid skule disponerer nye klasserom etc.

### **Arena Ulstein:**

Dette er eit nytt prosjekt i sentrum i området der Samfunnshuset står i dag. Kommunestyret har i prinsippet gjort vedtak om at dette skal byggast. I Arena Ulstein er det tenkt ein stor og moderne idrettshall m/garderober etc- 25 m symjehall/basseng, varmtbad og eit nytt større og moderne bibliotek (m.a.)

Prosjektet er estimert til om lag 335 mill kroner fordelt på 225 mill frå offentlege midlar og 100 mill kroner frå private/næringslivet.

Verner Larsen vart « avbroten» av tida som «rann ut», men svara på spørsmål heilt til slutt.

## **MØTE 17.3.-14**

Til dette møtet var banksjef **Endre Vatne** frå Nordea Bank invitert for å fortelje om banken, og om arbeidet sitt som leiar i avdelinga for personkundar.

**Nordea Bank A/S** er ein nordisk forretningsbank som har si verksemd i Russland, Finland Sverige Baltikum, Norge og Danmark,- og der den øvste leiaren er dansk og held til i Danmark. Banken er «sida» som ein av dei beste i Europa på grunn av sin soliditet og eigenkapital.

Verksemda i Norge er delt opp i distrikt, og vårt næraste lokalkontor i Ulsteinvik høyrer til Sunnmøre Sør og Distrikt Nordvest.

På Hareid er avdelingskontoret lagt ned. Men minibanken ligg framleis i Nordeabygget i sentrum, og kundane kan avtale kundemøte med kontoret i Ulsteinvik ved behov.

Nordea avd. Hareid/Ulstein har god drift og har ca. 30 % av personkundemarknaden i Hareid og Ulstein. På kontoret i Ulstein er Endre Vatne leiar for 10 personar som er tilsette i personkundeavdelinga, og 4 personar arbeider i bedriftsavdelinga der Bergsvein Øvrelid er leiar. Forvaltningskapitalen har vore aukande siste åra. Nordea Bank er stor sponsor for store nasjonale idrettsarrangement t.d. siste OL. Elles støttar dei lokale arrangement også, så det er berre å søke sa banksjefen.

**Fadofestivalen 22.3.-14 på Quality Ulstein Hotell** fekk som vanleg medlemmane våre invitasjon til. Det har vorte ein sedvane at medlemmane får invitasjon til denne portugisiske «festaftenen», som det heiter. Det var individuell påmelding, så vi har ikkje heilt oversikt over kor mange som innvilga seg «en helaften» denne laurdagskvelden.

## MØTE 24.3.-14

Innleiingsvis song vi som vanleg,- og denne gongen :«Mellom bakkar og berg utmed havet».

Kveldens foredragshaldar var tidlegare lærar i Hareid, redaktør av Vikebladet og teknisk leiar og redaksjons-sjef i NRK-Møre og Romsdal,- samt ,og ikkje minst, kulturarbeidar (på fritida) i Hareid i fleire tiår.

### SVEIN SMØRDAL.

Foredraget var lagt opp som eit EGOFOREDRAG, som vi kallar det i Rotary , - der han tok utgangspunkt i tre stikkord/setningar som var leiingsberande for han i livet som grunnlag for nokre **VENDEPUNKT** i livsløpet hans,- og peika retning.

- Eks:
  - Når læraren på folkeskulen på Eid, der han vaks opp, arrangerte «Barnetime» i klasseromet og han fekk kome fram bak kateteret og snakke i ei mikrofonliknande boks til heile klassen
  - Vendepunkt vart det også når han tok til som lærar i Hjørungavåg og fekk følgje opp vidar ei særpre-ga klasse der inn i ungdomsskulen. –På ungdomsskulen fekk han oppgåve å lære elevane m.a. om fo-tografering og kopiering av bilde og utvikla dette til sjølv å ta bilde som seinare fekk plass i lokalavisa Vikebladet.
  - Vendepunkt vart det då redaktør Ottesen ba om meit bilde og stoff. Ei kontakt vart etablert og interes-sa for spesielt nyhende og journalistikk vart kveikt på nytt.
  - Eit av vendepunkta han hugsa godt, var då rektor Per Straumsheim på gymnaset i Volda og han tok avskil etter tida der. Svein med å sveitte i hendene for autoriteten.
  - Han ville aldri «meir» sveitte i handa» for å helse på ein autoritet: «Vi er alle likemenn med ulik rolle og alder» slo han fast.
  - Vendepunkt vart det også då Ottesen ei tid seinare bad han om å bli redaktør av Vikebladet. Det var han i eitt år. Han hugsa spesielt då UIE, det store franske oljeselskapet, ynskte å etablere seg på Risne-set i Hjørungavåg. Så var det denne høgtalaren frå barneskulen som kom i tankane då han ,etter samtale med Asbjørn Gjerde i NRK- Møre og Romsdal, søkte på ei ledig stilling der :Dette er mi stilling kom det frå det indre. Og han fekk den
  - Eit nytt vendepunkt ved NRK i Ålesund i mange år som journalist, vakt sjef, teknisk leiar og redak-sjonssjef. Dessutan var han der med på å bygge opp nye dataløysingar/program , samt å planlegge og flytte heile den lokale NRK-staben til nye lokale i byen.
  - For han var det i denne tida eit vendepunkt i denne karrieren når det store vanskelege etiske vurde-ringane i forhold til kva ein skulle la gå ut gjennom fjernsynsnettet då dei store katastrofene i Bour-bon Dolphin ulukka (8 omkom) og rasulukka på Fjelltun (5 omkomne) hende. Han innrømde ei tilfredsheit i dei vurderingane som vart gjort der i forhold til kva som kunne sendast.
  - Etter å ha vist filmopptak frå ei framføring Hjørungavåg Brass hadde, kom han inn på fritidsarbei-det han var engasjert i m.a. som dirigent for korpset i fleire tiår. Han fortalde at korpset har 15-20 oppdrag for året og dei likar no og då å trekke inn proffe solistar. Som 11 åring starta han sjølv si eiga opplæring i ulike blåseinstrument, og likte seg når han no vart «kalla inn» til veteransamling t.d. i Vol-da for å spele. Det var ein hobby som vart til noko meir.

## INTERCITYMØTE 25.3.-14

Ørsta Rotary inviterte rotaryklubbane på ytre søre til felles møte saman med Volda Rotary på Hotell Ivar Åsen i Ørsta.

Det var den kjende tungtvatnaksjonisten **Joacim Rønneberg** som der fortalde om KVIFOR HAN VALDE Å REISE TIL ENGLAND UNDER SISTE VERDSKRIGEN, TIDA I ENGLAND, OM SJØLVE TUNGTVATNAKSJONEN, ----- OG OM FJELLFARE AKSJONEN I TAFORDFJELLA.

President Karin Svendsen Holstad hadde fått med seg medlemar i om lag to bilar som tok turen og overvar eit svært interessant foredrag.

## MØTE 31.3.14

Etter tradisjonell song («Blåmann, Blåmann bukken min...») og velkomsthelsing frå presidenten, vart kveldens foredragshaldar og tidlegare medlem av Rotary, **Svein Johs Flø** presentert.

Temaet for kvelden var **den dramatiske redningsaksjonen i Sør-Kinahavet for over 30 år sidan** som Svein Johs var leiar for som kaptein på 31000-tonnaren «Texas Baltie».

Den 19. august 1983 plukka båten opp 79 flyktningar frå Vietnam. Flyktningane var på veg frå Vietnam (der det var krig og omveltingar) til Singapore i ein 33 fots gammal «skøyte».

Etter fem døgn i sjøen hadde vietnamesarane, som i stor grad stamma frå Kina, sloppe opp for både vatn, mat og drivstoff,- men alle var i live; --- menn, mange kvinner og fleire små fødte og ufødde barn. Ein dramatisk situasjon i heimlandet førde til at dei rømde frå heimlandet sitt i håp om eit betre liv « ein eller annan stad i verda».

Svein fortalde levande om tilnærminga dei først måtte ha til flyktningebåten i redsle for at det kunne vere piratar om bord. Det kunne skje at slike båtar var overlasta med kvinner og barn på dekk, medan i lasterom og under overbygningar kunne vere fullt med godt væpna menn.

Men denne gongen var situasjonen reell. Flyktningane kunne fortelje at mange båtar hadde sett dei og berre seilt forbi pga denne piratredsla, sjølv om flyktningebåten hadde kvitt flagg i masta som teikn på at dei trong hjelp.

Båtflyktningane møtte sine redningsmenn, og Svein Johs understreka den store innsatsen mannskapet på hans båt utførde under aksjonen.

Flyktningane vart sette i land i flyktningmottak i Singapore/Thailand og fordelte seinare, etter eigen søknad, til hovudsakleg vestlege land. Mange kom også til Norge.

Svein Johs kunne til slutt fortelje om møte med desse ,seinare ,som var positive, --og han var glad for at dei hadde «kome seg til» der dei kom.

Vi viser elles til fyldige referat om dette i media frå hausten 1983.